



## DEN NORSKE KYRKJA

Radøy sokn

### Særutskrift for Radøy sokneråd Møte 2014/7

**Tid: 15. oktober 2014 18:00 – 20:00**

---

Radøy sokneråd har i møte den 15. oktober 2014 hatt fylgjande sak til drøfting:

25/2014 (F) Budsjett 2015

#### **UTGREIING**

Med rekneskapen for 2013 og årets rekneskap fram til 31. august som grunnlag, legg vi fram budsjettforslag til soknerådet. Dei fleste postane er berre forsiktig justert for prisstigning og ikkje omtalt spesielt i forslaget. Unntaket er postane for vedlikehald, løn/pensjon, forsikringar, trusopplæring og festeavgifter.

Basistilskotet frå Radøy kommune har vore uendra sidan 2011. Etter dette har vi fått årleg kompensasjon for lønsauke. Frå 01.09.2013 har vi også fått kr. 70 000 i årleg tilskot som skal vera med å finansiera utgiftene til felles trusopplæringsmedarbeidar for Austrheim, Fedje og Radøy. Radøy er vertskommune for tiltaket. Dei andre kommunane yter også særskilt tilskot til drifta.

Utgiftene er budsjettert forsiktig men realistisk. Løn og lønsrelaterte utgifter er den klårt største posten. Det er ikkje lagt opp til nye aktivitetar i 2015.

I budsjettframlegget er tilskot frå kommunen delt i to postar der post 18300 samsvarar med tilskotet for 2014. Post 18301 synleggjer trangen for auka tilskot for å driva 2015 i balanse.

Utfordringa vår, i motsetnad til andre fellesråd med eitt sokn, er at me skal drifta tre kyrkjer der andre gjerne berre har ei. Radøy har seks gravplassar, noko som også fører til store kostnader. Det bind mykje midlar til løn, drift og vedlikehald. Kyrkja driv nøkternt og det er ei utfordring å finna kor ein kan gjera innstrammingar og kutt utan at det får alvorlege følgjer for dei tenestene me skal utføra. Soknet har få tilsette og det er ikkje mogeleg å redusera antal stillingar utan at dette gjev tydelege utslag i tenestene.

Manger kyrkje treng framleis maling og dette burde vore utført for fleire år sidan. Malinga flassar av sjølv om det sist vart malt i 2006. I 2014 har vi fått malt delar av

---

kyrkja, men har diverre ikkje hatt midlar til å gjere ferdig arbeidet. Dette er vedlikehald som ligg godt på etterskudd og vi har derfor budsjettert med kr. 300000 på posten for vedlikehald og reparasjon av kyrkjer for å få fullført arbeidet. Posten inneheld også anna naudsynt vedlikehald som oppstår gjennom året.

Utgiftene til pensjon og løn auka ein del også i 2014. Lønsoppgjaret slo nokså positivt ut for ein del tilsette og overhenget vert difor stort i 2015. Vi har difor rekna lønsauke med 3 % for 2015.

Forsikring av kyrkjebygg har nærast dobla seg dei siste åra grunna ein del brannar og store utbetalingar.

Opprettning og sikring av Manger kyrkje kjem venteleg til å utløyse store kostnader i 2015. Det er mange usikre punkt i forhold til kostnader og tid. Vi har valgt å ikkje leggja inn nye summar i driftsbudsjettet for 2015 då det meste vil vera knytta opprettning og sikring og vera ein del av prosjektet. Prosjektet vert rekna som investering.

Inntektene til soknet kjem vesentleg frå driftstilskot frå Radøy kommune. For 2013 utgjorde det 65,7 % av inntektene. Soknet sine andre inntekter er stort sett festeavgifter og offer som vert tatt opp i gudstenestene. Offer til eiga drift må som tidlegare år prioriterast også i 2015.

Vi har lagt inn ein auke i satsane for festeavgifter for å få betre balanse i drifta. Avgiftene i Radøy ligg framleis lågt sett forhold til dei relle kostnadane, sjølv om våre avgifter er mellom dei høgaste i Nordhordland. Vi har derfor valgt å sjå til nabokommunane når vi ikkje føreslår større auke.

Gjennom å ha stabile prisar på tenester, vonar vi å få til ei drift som tener innbyggjarane på ein god måte og gjer at kyrkja framleis er ein trygg arbeidsplass.

Det vart tilsett trusopplæringskoordinator hausten 2013. Tiltaket er vesentleg finansiert av sentrale tildelingar kanalisiert gjennom Bjørgvin bispedøme. Dette er eit fellestiltak for Austrheim, Fedje og Radøy. Kommunane gjev alle eit mindre ekstratilskot til denne aktiviteten. Saman med kommunalt tilskot frå dei tre kommunane vil dette reknestykket vonleg gå i balanse og ikkje gå utover andre tiltak.

Overføringa frå kommunen må aukast med kr. 290 000 for at budsjettet for 2015 skal gå i balanse. Vi vonar dette finn ei løysing gjennom budjetthandsaminga slik at forsømd vedlikehald kan verta utført i 2015.

## Investeringar.

### Manger kyrkje.

Som kjent har vi ein del utfordringar knytta til stabiliteten for Manger kyrkje. Bygget er ifølge målingar 22 cm ut av lodd. Rapport frå februar 2014 tyder på at bygget ikkje er stabilt, men er i rørsle slik at det vert skeivare. Det hastar derfor å setja i gang tiltak for å sikra og stabilisera bygget.

Soknerådet gjorde 27.08.2014 vedtak om å engasjere Akasia til å utarbeide søknader til Biskopen i Bjørgvin, Riksantikvaren og eventuelt andre for å gjennomføre prosjektet. Søknad til Biskopen i Bjørgvin er sendt 11.09.2014.

Kostnaden til sjølve prosjektet er så langt rekna til 2,1 mill. kroner eks. mva. I tillegg kjem kostnader til søknad til Biskopen og eventuell byggesøknad. Oppretting og stabilisering av kyrkja er eit utfordrande prosjekt. Det kan oppstå følgeskadar som det ikkje er mogeleg å ta høgde for eller forsikra seg mot. Det vil truleg vera fornuftig å rekna inn ekstra utgifter for å sikra at arbeidet kan ferdigstilla innanfor ei kostnadsramme. Vi har derfor søkt Radøy kommune om 3 millionar i investeringsmidlar til Manger kyrkje. Det er også søkt Husbanken om rentekompensasjon.

#### Andre investeringar.

For 2014 hadde vi 250 000 på budsjettet som var tenkt nytta til nytt reidskapshus på Hordabø. Vi har mått prioritere årets midlar til undersøkjingar, forprosjekt og konsulentrapporatar for Manger kyrkje.

#### Hordabø.

Vi har i praksis ikkje rom til materialar og reidskapar på Hordabø. Soknerådet har sett på og funne plass for mogeleg plassering av eit nytt lagerbygg. Vi har fått teikna og godkjent nytt reidskapsbygg. Vi har også skifta ut massar og planert eit område til bygget. Det er også trond for nytt kjøkken og stolar til kyrkja. Kyrkjelydsutvalet har vore aktive og finansiering av stolar kjem venteleg på plass innan kort tid.

Parkeringsforholda på Hordabø er ikkje tilfredstillande og vi har vore i dialog med Radøy kommune for å finna løysingar. Det skal utarbeidast ein områdeplan for Bøvågen der vi har kome med innspel. Vi ser for oss at delar av området aust for vegen møt Bøtjønna vil fungera godt som parkeringsareal.

#### Sæbø.

På Sæbø er det også vanskar med parkering men så langt har det ikkje vore diskutert konkrete tiltak med grunneigar eller Radøy kommune.

#### Universell utforming.

Det er trond for betre universell utforming av Hordabø og Manger kyrkjer. Tilkomsten for rørslehemma må gjerast enklare. Vi har tatt kontakt med Bjørgvin bispedøme for å finna løysingar. Det er på noværande tidspunkt uvisst kva tiltak som er aktuelle og kva dette fører med seg av kostnader.

#### Oppsummering.

Ut over det som er nevnt ovanfor er kyrkjene og eigedomane generelt i god stand og vi ser ikkje trond for å setja av midlar til andre investeringar for 2015 enn dei som er omtalt.

Soknet har likevel løpende trond for investeringar og vi er svært nøgd med at Radøy kommune i samband med budsjetthandsaming for 2013 gjekk inn for ei årleg løyving på kr. 250 000 til investeringar. Dette gjer det mykje enklare å planleggja naudsynte tiltak.

**Trong for investeringar i 2015:**  
Stabilisering og oppretting Manger kyrkje  
Reidskapshus Hordabø.

kr. 3 000 000.  
kr. 250 000.

## Framtidige investeringar:

Varmeanlegg Manger og Hordabø.  
Universell utforming Manger og Hordabø.  
P-plass Hordabø.  
P-plass Sæbø.

## **INNSTILLING**

Radøy sokneråd vedtek budsjettet slik det ligg føre. Det ligg prisjustering på nokre tenester. Tal for 2014 i ( ).

## **For 2015 gjeld følgjande:**

## Festeavgift

Feste av grav pr.år (inntil 60 år)	(190)	220		
Feste av grav pr.år (over 60 år)	(380)	440		
Feste av særskilt grav (20 år):	(3 800)	4 400		
Montering av gravminne 1000 + mva	(1 250)	1000 + mva	1 250	
Ekstra omfattende monteringsarbeid etter timesats		400 + mva	500	
Stell av grav per år	1300 + mva	(1 625)	1300 + mva	1 625

### Tenesterefusion:

Gjeld: Gravferd der avdøde ved dødsfallet var folkeregistrert i annan kommune.  
Vigsel der ingen av brudefolka er folkeregistrert i prostiet.

Godtgjersle til : prest/gravferd	Fast sum	(2800)	* 3 000
prest / vigsel		(2000)	* 2 700
Godtgjersle kantor/organist	Fast sum	(2000)	2 000
Godtgjersle til kyrkjetenar	Fast sum	(1200)	1 200
<b>SUM TENESTEREFUSJON:</b>			<b>8 000</b>

\* Godtgjerdssle til prest er satsar som vert fastsett av Bjørgvin bispedøme. (satsar for 2014)

## Gravferdsavgift

(For alle som ved dødsfallet var folkeregisterført i anna kommune enn Radøy)

Kistegrav: + festeavgift 20 år	8 000 + mva	(10 000) ( 3 600)	8000 + mva	10 000 3 800
Urnegrav: + festeavgift 20 år	4000 + mva	(5 000) (3 600)	4000 + mva	5 000 3 800

Leige av kyrkja til ikkje inntektsgjenvande arrangement,  
medrekna oppvarming og reinhald (1500) 1 500

Utleigetakstane

Gjeldande utleigereglement for arrangement:  
Som 2014. Minstelege for kyrkja sett til kr 2 000


## MØTEHANDTERING

Administrasjonen orienterte om den økonomiske stoda stod generelt og gjekk gjennom ein del av postane i oppsettet. Når det gjeld betaling for gravstell er budsjettposten auka i taloppstillinga, men ikkje auka i tekstdelen i innstillinga. Det var semje om å auka denne frå kr. 1625 til kr. 1875 inkl. mva.

## VEDTAK

Soknerådet gjorde vedtak i samsvar med innstillinga, med justering for posten betaling for gravstell til kr. 1 875 inkl. mva. Samrøystes.

For Radøy sokneråd, 15.10.2014



Audun Sylta